


NOREGS UNGDOMSLAG | 2020

# ÅRSMELDING



# TAL FRÅ 2020

Styret og dei tilsette på NU-kontoret deltok tilsaman på

## 235

MØTE i 2020  
2019: 103



Styret i NU handsama

## 149

SAKER i 2020  
2019: 105



Noregs Ungdomslag fekk i 2020 ein auke i statsbudsjettet 2021 på

## 200 000 kr

til vidare arbeid med å kartlegge organisasjonseide **HUS OG KULTURBYGG.**



Det vart gitt tilskot til **8 306 KURSTIMAR** i 2020.

2019: 15 882

Det vart sendt ut

## 32

NYHEITSBREV til styremedlemmar i lokallag og fylkeslag i 2020  
2019: 11



KORONA er nemt

## 47

gonger i sakspapira frå styremøta i 2020  
2019: 0



Det var gjennomført **EITT** fysisk styremøte, **TO** delvis digitalt og fysiske styremøte og **ÅTTE** digitale **STYREMØTE** i 2020.



Det vart skipa til **11 NETTMØTE** i 2020

NU hadde sitt **FØRSTE DIGITALE** landsmøte og landsråd i 2020



Dei tilsette på NU-kontoret hadde omlag

## 180 dagar

med **HEIMEKONTOR**



I 2020 kartla Huset i Bygda til saman **700 FRIVILLIGE LAG OG ORGANISASJONAR** i Møre og Romsdal.



## 3 500

har så langt sett kåseriet med Mette Vårdal og bunadhistorie som vart lagt ut på Facebook i mai 2020.



**358 DELTAKARAR** fordelt på **65 LAG** frå **10 FYLKE** tevla i Kven veit? 2020



## 12



## 8

## INNHALD

- 4 Føreord frå styret
- 5 Arbeid i perioden
- 10 Organisasjonsstrukturen
- 12 Ungdomshus og lagsbruk
- 14 Opplæringsarbeidet
- 18 Møtestader
- 20 Informasjonsarbeid og interessepolitikk
- 24 Styringsstrukturen
- 26 Administrasjonen
- 27 NU, andre organisasjonar og fond
- 29 Representasjon og eksterne møter
- 31 Tilskot og økonomi
- 35 Rekneskap

Noregs Ungdomslag vart skipa i 1896 og er ein kulturorganisasjon med omlag 350 lag over heile landet. Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø.

Framsida: Landsmøtet 2020  
Av Inger Johanne Ruset



Telefon: 24 14 11 10  
E-post: [post@ungdomslag.no](mailto:post@ungdomslag.no)  
Adresse: Øvre Slottsgate 2B, 0157 Oslo

[www.ungdomslag.no](http://www.ungdomslag.no)  
[www.facebook.com/noregsungdomslag](https://www.facebook.com/noregsungdomslag)  
[www.instagram.com/ungdomslag](https://www.instagram.com/ungdomslag)  
#levandelokalkultur



Design og trykk:  
Flisa trykkeri





Styreleiar Torbjørn  
Bergwitz Lauen.  
Foto: I. J. Ruset.

## FØREORD FRÅ STYRET

Ei årsmelding skal gi eit sannferdig bilete av året som har gått, og sanninga er at 2020 ikkje blei slik me trudde det skulle bli.

Mange av kursa og mykje av aktiviteten, både sentral og lokalt, har blitt råka av pandemien i året som gjekk. For ei rørsle som er basert på høgt lokalt aktivitetsnivå har 2020 vore eit dårleg år, og det ser me att i både kurstimar og medlemstal. Det har til tider vore vanskeleg å sjå framover, og vanskeleg å halde hjula i gang. I april såg det mørkt ut for økonomien i organisasjonen, og me såg oss nøydd til å sende ut permitteringsvarsel til alle dei tilsette på NU-kontoret. Heldigvis kunne me trekke attende varselet i slutten av mai.

Etter nedstenginga av landet i mars blei det brukt mykje tid på å finne alternative måtar å gjennomføre tilskipingane våre på, og det har blitt gjort mykje digitalt nybrottsarbeid i

året som gjekk. Mellom anna gjennomførte me landsmøtet og landsrådsmøtet digitalt, og me skipa til 11 nettmøte/webinar om alt frå *Bli kjent med Dramas* til *Korleis skaffe pengar til ungdomshuset*. Sjølv om me måtte kutte dei tre siste utgåvene av Ungdom, så har det aldri blitt sendt ut så mange nyhende-brev på e-post til styremedlemmar i lag og fylkeslag som i år.

Det skal ikkje vere nokon løyndom at me ikkje har fått til mykje av det som var planlagt i 2020. Men i årsmeldinga no i år ønskjer me å sette fokus på det me faktisk fekk til. For det har vore mange lysglimt me ikkje ønskjer å gløyme.

Mars 2021  
Styret i Noregs Ungdomslag

# ARBEID I PERIODEN

Landsmøtet i 2018 vedtok ein langtidsplan for perioden 2019-2022 med sju overordna strategiar, og ein nærare omtale av utfordringane knytt til desse strategiane. I tillegg har landsmøtet vedteke arbeidsplanar med mål for perioden 2019-2020 og 2021-2022.

### LANGTIDSPLANEN SITT OVERORDNA MÅL

Sikre Noregs Ungdomslag sin posisjon som ein organisasjon for lokalkultur og levande lokalmiljø.

## Langtidsplanstrategi 1: **Styrke medlemmene sin tilgang på møteplassar og opplæringsarenaer**

Det lokale ungdomslagsarbeidet er grunnsteinen for alt arbeid i Noregs Ungdomslag. Vi er avhengig av at alle medlemmer har god tilgang både på møteplassar og arenaer for læring og utvikling, for at ungdomslaget skal vere noko som held på medlemmer over lengre tid.

### MÅL I ARBEIDSPLANEN 2019-2020

Noregs Ungdomslag skal legge til rette for at medlemmer i ungdomslaget skal få utvikle seg både sosialt og fagleg, uavhengig av kvar i landet ein bur.

Noregs Ungdomslag skal bidra til å auke arrangørkompetansen for regionale barnestemne.

### GJENNOMFØRTE TILTAK 2020

BARNLEK hadde nesten 70 barn påmeldt før stemnet vart avlyst. Kunnskapstevlinga Kven veit? vart gjennomført i 2020 med tema bunad. Det deltok 65 tevlande lag i seniorklassa

Ei arrangørhandbok bygd på erfaringane frå dansestemnet Småleik er under arbeid.

## Langtidsplanstrategi 2: **Styrke instruktørane og leiarane sin kompetanse for å drive og skape meir aktivitet**

Dei lokale eldsjelene er viktig for å drive og utvikle aktiviteten i lokallaga. Det er viktig at Noregs Ungdomslag legg til rette for at eldsjelene får auka kompetansen sin, for at aktiviteten også kan auke. Berre på denne måten kan ein legge til rette for at nytt engasjement veks fram, slik at ein også har eldsjeler i framtida.

### MÅL I ARBEIDSPLANEN 2019-2020

Alle medlemmer skal ha tilgang på leiar- og instruktør-opplæring, uavhengig av kva stad ein bur i landet.

### GJENNOMFØRTE TILTAK 2020

To instruktørkurs, begge i dans. Tre lag hadde gjesteinstruktør, to i teater og eit i dans.



## Langtidsplanstrategi 3: **Styrke laget og ungdomshuset som ein arena for lokal kulturaktivitet**

Lokallaga og ungdomshusa skal også i framtida vere viktige arenaer for den lokale kulturaktiviteten. Noregs Ungdomslag vil arbeide for at laget og huset kan drivast på ein effektiv måte, slik at mest mogleg av laget sine ressursar kan gå til å auke aktiviteten.

### MÅL I ARBEIDSPLANEN 2019-2020

Gjennom prosjektet NU kulturformidling skal arrangementkompetansen i ungdomslaga vere auka, slik at ungdomshusa i større grad kan brukast til å formidle kultur lokalt.

NU skal vere ein attraktiv organisasjon for lokallag som arbeider for ein levande lokalkultur, slik at ein kan rekruttere endå fleire medlemslag.

### GJENNOMFØRTE TILTAK 2020

I 2020 samarbeidde åtte lokallag gjennom digitale arbeidsmøte, kor prosjektleiaren rettleia dei gjennom kunstnarleg booking og søknadsskriving til Norsk Kulturråd. Fem av laga (Hugnad UL, Åmdal UL, Ungdomslaget Utheim, Ungdomslaget Framsteg og UL Fram, Kvæfjord) vart med gjennom heile prosessen og alle desse fekk tilskot frå Kulturrådet til konserttrekke i 2021.

I 2020 har det har vore jobba med nye fordelar for lag.



## Langtidsplanstrategi 4: **Styrke folkedansen, folkemusikken, bunaden og amatørteatret som folkelege kulturuttrykk**

Vi har ei viktig oppgåve i å formidle og utvikle den immaterielle kulturarven som lever i den lokale aktiviteten. Tradisjonane, spesielt innanfor folkedans og amatørteaterarbeid, er lange i ungdomslaga, og det må vere ei nasjonal bevisstheit rundt forvaltninga av denne kulturarven.

### MÅL I ARBEIDSPLANEN 2019-2020

I NU skal heilskapen i den norske folkedanstadisjonen vere synleg, ved at ungdomslaga tilbyr aktivitetar og opplæring innanfor alle danseformer, og for alle aldersgrupper.

Folkepedia skal vere etablert som ein ressursbank for opplæring i folkedans, for både røynde og urøynde dansarar.

Styrke bunad og folkedraktarbeidet for å sikre kunnskap om, og ivaretaking av handverkstradisjonane i organisasjonen.

### GJENNOMFØRTE TILTAK 2020

NU deltek aktivt i interesseorganisasjonane vi er medlemmer i, og har styrerepresentasjon i mange av desse. Medlemslag har tilgang til kurs og studiemateriell.

Det vart ikkje spelt inn nye filmar som planlagt i 2020. Men nettsida vart bruka aktivt for å gi tips om alternativ danseaktivitet for ein person, eller med avstand til andre.

Mykje tid gjekk med til å få bunadsbruk og folkedans inn på UNESCOs liste over immateriell kulturarv.





## Langtidsplanstrategi 5: **Styrke dei tillitsvalde sin kompetanse og interesse for å drive og utvikle laget**

Mange ungdomslag har lita utskifting av tillitsvalde, fordi medlemmene ofte er meir opptekne av å vere med på aktiviteten i laget, enn å drive sjølve laget. NU har eit særleg ansvar for å løfte fram den viktige rolla dei tillitsvalde i både lokallag og fylkeslag har, for å drive både laget og organisasjonen vidare.

### MÅL I ARBEIDSPLANEN 2019-2020

NU skal sørge for at det blir utvikla og formidla verktøy og metodar som gjer det praktiske lagsarbeidet og rekrutteringa lystbetont og interessant for fleire av medlemmene.

### GJENNOMFØRTE TILTAK 2020

Det vart utarbeida etiske retningslinjer for organisasjonen.

## Langtidsplanstrategi 6: **Styrke organisasjonen regionalt, for å sikre alle lokallaga lik tilgang på ressursar**

Fylkeslaga i Noregs Ungdomslag har ikkje lengre den same plassen i organisasjonsstrukturen som før. Dette heng saman med at det ikkje er alle lokallag som er knytt til noko fylkeslag, sidan fleire har lagt ned drifta dei seinare åra. Dette gjer det utfordrande å nå fram til alle lokallaga med det same tilbodet.

### MÅL I ARBEIDSPLANEN 2019-2020

NU må i samarbeid med fylkeslaga følgje opp regionreforma, for å vurdere nye former for samarbeid mellom lokallaga, innanfor dei nye regionsgrensene.

### GJENNOMFØRTE TILTAK 2020

Dette var eit av temaa som vart diskutert på Landsrådsmøte 2020. 14 fylkeslag deltok.



## Langtidsplanstrategi 7: **Fremje lokallaga sine interesser i den nasjonale kultur- og frivilligheitspolitikken**

For at den lokale ungdomslagsaktiviteten skal ha gode rammevilkår, må behova deira synleggjerast i den nasjonale kultur- og frivilligheitspolitikken. NU må difor ta ei sentral rolle innanfor dei ulike paraplyorganisasjonane som arbeider interessepolitisk, og overfor nasjonale politikarar.

### MÅL I ARBEIDSPLANEN 2019-2020

NU skal stadfeste sin posisjon som interessepolitisk aktør i samarbeidsorgan og overfor styresmaktene, for å fremje ungdomslaga sin posisjon i det lokale kulturlivet.

Dei folkelege kulturtradisjonane som ungdomslaga er bygd på, skal vere ein sjølvstøtt del av den nasjonale kulturpolitikken.

NU skal ta eit særleg ansvar for å fremje ungdomshusa og andre organisasjonseigde kulturbygg sin posisjon i kulturpolitikken, og arbeide for at desse skal ha gode rammevilkår.

### GJENNOMFØRTE TILTAK 2020

NU deltok aktivt i interesseorganisasjonane vi er medlemmer i, og har styrerepresentasjon i fleire av desse.

I 2020 var det jobba mykje med å sikre at kompensasjonsordningane vart best mogleg for laga våre. I første runde av krisepakane var t.d. kompensasjon for utleigeverksemd ikkje med. Men etter press frå NU og gjennom Frivillighet Norge vart det med i dei neste.

Sjå side 22 for å lese meir om arbeidet med interessepolitikk.

# ORGANISASJONS- STRUKTUREN



Foto: Anne-Marte Før

Noregs Ungdomslag er ein grasrotorganisasjon, og lokallaga sine behov skal vere utgangspunktet for alt arbeid og alle satsingar i sentralleddet.

## MEDLEMMENE

Dokumentasjon av medlemstal og aktivitet i lokallaga er eit særskilt viktig arbeid for sentralleddet, og det blir brukt mykje ressursar på dette dokumentasjonsarbeidet.

det. Barne- og likestillingsdepartementet gir tilskot til barne- og ungdomsarbeid. Tilskotet aukar til fleire medlemmer, kurs og andre tiltak vi har. Tal medlemslag og medlemmer avgjer også kor mykje NU får til fordeling av Frifond-midlar.

Det er årsrapportane frå laga som dokumenterer medlemstalet i organisasjonen. Krav om å levere årsrapport blir sendt

laga på nyåret, men svært mange lag sender inn først når dei har motteke purringar og oppfølging frå NU-kontoret. Arbeidet med å krevje inn og purre på årsrapporten skjer heilt fram til NU sender søknad om statstilskot 15. september.

## UTVIKLING SAMLA MEDLEMSTAL DEI SISTE FEM ÅRA:

	2016	2017	2018	2019	2020*
Totalt medlemstal	13 239	13 990	14 499	13 384	10 083
Av dette støttegivande medlemmer	4 984	5 223	4 969	4 912	3 482

\*Medlemstal frå mars 2021. Det endelege medlemstalet blir først stadfesta gjennom levering av årsrapport i september.

Talet støttegivande medlemmer samsvarar med talet medlemmer som er under 26 år, og som har betalt minimum 50 kroner i kontingent. Desse medlemmene genererer driftstilskot til barne- og ungdomsarbeidet i organisasjonen, og Frifond-tilskot til fordeling i laga.

Det var totalt 10.083 som var registrert som betalende medlemmer i Noregs Ungdomslag i 2020, per 1. mars 2021.

Det endelege medlemstalet er kvart år større enn kva som kjem fram her for det blir først stadfesta gjennom levering av årsrapport i september.

## LOKALLAGA

Ved utgangen av 2020 var det 341 registrerte aktive lag i organisasjonen, 2 av desse er innmeldt som husmedlemslag. I tillegg er det registrert 31 lag med status inaktiv.

Aktiviteten og tilboda er ulike frå lag til lag. Folkedans, teater, diskotek og barne- og

ungdomsklubb er dei største aktivitetane i laga. 180 av laga har eige hus og 65 av laga eig part i eit hus. Medlemmene legg kvart år ned fleire hundre årsverk i dugnadarbeid.

## Nedlagte lag.

BUL Narvik i Nordland Ungdomslag

## 1. gongs utmelding

Solberg UL, Sunnmøre Frilynde Ungdomslag

## 2. gongs utmelding.

Solbjørg UL, Hordaland Ungdomslag  
Framhug UL, Sogn og Fordane Ungdomslag  
UL Ottar Birting, Oppland Ungdomslag  
Vigmarken UL, Aust Agder Ungdomslag

## Innmeldte lag.

Søve Ungdomslag, Telemark Ungdomslag.

## BESØK

I 2020 har det ikkje vore noko organisert besøk i lokal- og fylkeslag.

## FYLKESLAGA

Ved utgangen av 2020 var 19 fylkeslag tilknytt Noregs Ungdomslag. I to av fylkeslaga har det ikkje vore aktivitet.

NU sitt årsmøte vedtok i 2009 eit sett minimumsoppgåver for fylkeslaga, for å definere meir deira rolle i organisasjonen:

- Gjennomføre eige årsmøte
- Delta på NU sitt landsmøte og landsrådsmøte
- Sende årsrapport til NU, samt årsmelding og rekneskap for fylkeslaget, innan fastsette fristar.
- Melde inn kontingentsats til NU, innan fastsette fristar.
- Andre oppgåver som til ei kvar tid følgjer av lova til NU.

Trass i dette vedtaket, er det ikkje alle fylkeslag som møter på landsmøtet og landsrådsmøtet, slik dei er pålagt å gjere. Dei fleste sender årsrapport.



# UNGDOMSHUS OG HUSARBEID

Mange av laga i Noregs Ungdomslag er eigar eller medeigar av eit ungdomshus eller lagsbruk (forretningverksemd). Det kan vere økonomisk og praktisk utfordrande å halde desse bygga i den stand som laga sjølv ønskjer. Å yte sørvis til huslaga er derfor ei prioritert oppgåve. I 2020 vart dette arbeidet spesielt viktig, ettersom mange av laga mista høvet til å drive inntektsskapande aktivitetar som loppemarknad, basar og utleige.

## AUKE I STATS- BUDSJETTET I 2021

Noregs Ungdomslag fekk i 2020 ei auke i statsbudsjettet 2021 på 200 000 kr til vidare arbeid med å kartlegge organisasjonseide hus og kulturbygg. Vi tek det som ei anerkjening av jobben som alt er gjort gjennom prosjekt som Huset i bygda og NU kulturformidling.

### HUSET I BYGDA

Huset i bygda (HiB) vart starta i 2010 som eit initiativ frå Sogn og Fjordane Ungdomslag, og har sidan blitt utvida til Vestland og Møre og Romsdal. Initiativet har som mål å få kartlagt organisasjonseigde hus, og elles yte sørvis til huseigarane. Ein viktig del av dette har vore å arrangere samlingar for kompetanseheving og nettverksbygging.

Opphavelig var planen for 2020 å gjennomføre hussamlingar på Nordmøre. Med koronakrisa måtte desse avlysast. Eit besøk til Sunnmøre i ein periode med lågt smittetrykk, gjorde det derimot mogleg å gjennomføre eitt besøk til ungdomshuset Ervingen i Volda, og elles fotografere einskilde hus.

Utover dette vart ressursane i prosjektet omdisponert til å gje informasjon og oppfølging til huseigarar som mista inntektsgrunnlaget sitt frå midten av mars og utover i året. HiB stryk jobba difor mykje med å få ut relevant informasjon om støtteordningar og gjeldande smittereglar.

På vårparten samarbeidde HiB og NU sentralt om å betre kompensasjonsordningane for organisasjonseigde bygg. I samarbeid med andre relevante organisasjonar fekk NU og HiB gjennomslag for sine ønske, slik at dei utvida kompensasjonsordningane vart meir treffsikre (les meir i kapitlet om interessepolitikk på side 22). På haustparten jobba HiB vidare for å gjere det enklare for samvirke-registrerte hus å søke om støtte.

Koronakrisa har òg vist kor viktig det er med oppdatert oversikt over både tal hus og kven som eig husa for å nå fram med informasjon. I 2020 kartla HiB til saman 700 frivillige lag og organisasjonar i Møre og Romsdal. Vidare har HiB kome godt i gang med å skilje ut kva lag som eig eller har relasjonar til kulturhus. Ved utgangen av året gjaldt dette 411 organisasjonseigde kulturhus. Desse er no koplta til ein GIS-database (geografisk informasjonssystem). Informasjonen er òg lagt ut på nettet slik at det er lettare for huseigarar å gje tilbakemelding. Data-

basen inneheld blant anna namn på hus, huseigar, organisasjonsform, adresse, e-post, kommune, nettstad/Facebook. Truleg er det mellom 450-500 organisasjonseigde kulturhus i Møre og Romsdal.

Elles vart det tidleg i 2020 halde møte med fylkeskommunen i Trøndelag for å drøfte moglegheitene for å starte opp Huset i bygda der. Responsen var positiv, men på grunn av koronasituasjonen vart prosessen utsett til 2021.

### NU KULTURFORMIDLING

Prosjektet NU Kulturformidling jobbar for å bygge opp turné-nettverk av arrangørar og scener blant ungdomshusa som er tilknytt Noregs Ungdomslag. Lokal-


laga skal få tilført arrangørkompetanse og draghjelp gjennom prosjektet. Ein nettportal skal synleggjere arrangørane for utøvarar og setta dei i kontakt med kvarandre. I 2020 samarbeidde åtte lokallag gjennom digitale arbeidsmøte, kor prosjektleiarer rettleia dei gjennom kunstnarleg booking og søknadsskriving til Norsk Kulturråd. Fem av laga (Hugnad UL, Åmdal UL, Ungdomslaget Utheim, Ungdomslaget Framsteg og UL Fram, Kvæfjord) vart med gjennom heile prosessen og alle desse fekk tilskot frå Kulturrådet til konserttrekke i 2021.

### NETTMØTE

I august gjennomførte NU-kontoret ei digital idémyldring om koronavennleg

aktivitet i ungdomshusa. I denne perioden var smittetala låge, men det var stor uvissheit rundt korleis lag og medlemmer kunne kom i gang att med aktiviteten på trygt vis. Det kom inn mange gode idear og innspel under møtet. Vidare syntte nettmøtet at ein digital møteplass også er verdifull for lokallag som har behov for inspirasjon og erfaringsutveksling. I september vart det gjennomført nettmøte med HiB-rådgjevar Christoffer Knagenhjelm. Her fekk deltakarane informasjon om relevante støtteordningar for huseigarar, og spesielt om korona-kompensasjonsordninga. Deltakarane fekk stille spørsmål og fekk høve til å få bistand frå NU-kontoret og HiB i etterkant av møtet.

Illustrasjonen viser organisasjonseigde bygg som til no har blitt kartlagde av Huset i bygda. Går du inn på [www.husetibygda.no](http://www.husetibygda.no), kan du trykke på kvart hus og få opp meir informasjon om eigarskap m.m.





# OPPLÆRINGSARBEIDET

Ungdomslaga driv eit breitt opplæringsarbeid innanfor mange ulike fagfelt. Ein stor del av dette arbeidet blir dokumentert gjennom Studieforbundet Kultur og Tradisjon sin kursstatistikk, men det er også ein del av opplæringsarbeidet som ikkje blir registrert her, m.a. alt som er retta mot barn og ungdom under 14 år.

## ARANGØR-HANDBOK

I etterkant av det store bar-nestemnet Småleik har det i 2020 vore arbeid med å utforme ei arrangørhandbok. Innhaldet byggjer på erfaringane frå stemnet og skal vere ei hjelp for andre lag og arrangørar som ynskjer å setje i gang liknande arrangement, små eller store. Handboka vert ferdigstilt i 2021 og vil bli tilgjengeleggjort via ei open og gratis nettside som alle våre lag og medlemmer kan ta i bruk.

Sentralledet i Noregs Ungdomslag tilbyr lokallaga ulike opplæringsstiltak, ressursar og møtestader. Føremålet er å auke kompetansen og kunnskapen til medlemmer og lokallag.

### VERKTØY FOR LAGA SITT OPPLÆRINGSARBEID

#### INSTRUKTØROPPLÆRINGA I DANS

I tråd med langtidsplanen sine mål om å styrke tilgang til arenaer skipar NU til fire til fem instruktørkurs innan dans kvart år. I 2020 fekk vi gjennomført to av tre planlagde kurs.

18.-19. januar vart det skipa til instruktørkurs med fordjuping i pardans på Olavs-gaard Hotel på Skedsmo. Vegar Vårdal var instruktør med Patrik Andersson som muskar. På kurset deltok 22 personar. Kurset vart skipa i samarbeid med SAFFA, Eidsiva fylkeslag og Bygdelagssamskipnaden.

31. januar-2. februar vart det skipa eit grunnleggande instruktørkurs med fokus på korleis skapa eit godt miljø. Kurset vart skipa i samarbeid med Rogaland Ung-

domslag og deira Storkurs på Siddisstova i Stavanger. Instruktørar var Anbjørg Myhra Bergwitz og Audun Grüner-Hegge med muskarane Tuva Færden og Olav Christer Rossebø. På kurset deltok 22 personar.

Eit tredje kurs var planlagt parallelt med landsmøtehelga i april med tema turdans og instruktør Marianne Dahl. Dette vart ikkje mogleg å gjennomføre grunna COVID-19.

#### TEATERKURS

Teaterstrategiutvalet leverte sitt forslag til teaterstrategi for NU hausten 2019. Styret vedtok denne i november 2019. I strategien foreslår ein å gå vekk frå instruktør-opp-læring på teater, då deltakinga på denne ikkje har vore stor nok. I staden planla ein å gjennomføre fire nasjonale teaterkurs i 2020 der alle interesserte i teater var i målgruppa. Kurset skulle bli arrangert ved hjelp av lokale vertskap. Ein rakk ikkje å gjennomføre slike helgekurs i 2020.

#### GJESTEINSTRUKTØRORDNINGA

Alle medlemslag i NU har høve til å søkje om å få besøk av ein gjesteinstruktør på anten dans, teater eller organisasjon til

## FOLKEDANS-STRATEGI

I 2020 har NU arbeidd med ein eigen strategi som skal legge føringar for det folkedansfaglege arbeidet i tida framover. Det har vore opna opp for at lag og medlemmer kunne bidra med innspel og tankar til arbeidet og innhaldet i strategien, og NU har motteke fleire innspel. Strategien ferdigstilt og vert presentert for organisasjonen i 2021.



Småleik 2019.

Foto: Thor Hauknes.

laget sitt. Gjesteinstruktøren legg opp eit kurs på inntil 10 timar som imøtekome laga sine behov. I 2019 gjekk vi bort ifrå ordninga med å tildele gjesteinstruktør etter "først til mølla-prinsippet", og over til ein søknadsordning med to fristar. På grunn av utfordringar for laga med å planlegge kurs, gjekk vi hausten 2020 tilbake til løpande fristar og "fyrstemann til mølla".

På teater vart det gjennomført to gjesteinstruktørkurs i 2020. Jan Fredrik Grøndahl Henriksen instruerte i skodespelarteknikk under sommar-teaterskulen til Sandeid UL i juni, og Kari Wisth Holmen heldt eit skrivekurs for Åmdal UL i oktober.

Det vart gjennomført eit gjesteinstruktørkurs på dans 25.-26. januar med Vegar Vårdal som instruktør. Kurset vart gjennomført i Songtun ungdomshus med Greipstad Ungdomslag som arrangør med tema runddans.

Det var planlagt fire andre gjesteinstruktørkurs, to på dans og to på musikk,

men desse måtte avlysast eller utsetjast grunna COVID-19.

### ANDRE NASJONALE OPPLÆRINGSTILTAK

#### BUNADWEBINAR

7. mai vart det arrangert eit bunadwebinar med kåseri av og med Mette Vårdal. Temaet var "Korleis vart eigentleg bunaden ei folkerørsle og allemannseige?" og passa godt i samband med 75 års-markeringa av frigjeringa av Noreg. Føremålet med webinarret var å spreie kunnskap om og refleksjon rundt bunaden i eit historisk perspektiv fram til den vart til det festplagget det er i dag.

Film av kåseriet har lege ute på nettsida og Facebooksida til NU sidan mai, og har hatt omlag 3500 visningar.

#### WEBINAR: KVA SKAL VI DANSE?

18. juni vart det skipa til eit folkedans-webinar med tema "Kva skal vi danse?" leia av Vegar Vårdal. Hendinga tok for seg alle dei nye danseformene vi får inn, og korleis vi held oss til tradisjon. Kva er eigentleg vår dansestil, korleis tek vi vare

på tradisjonen og skal vi danse alt, var spørsmål som vart teke opp. Webinarret vart strøyma direkte på YouTube og har også vore tilgjengeleg i etterkant.

#### NETTMØTE

For å stimulere til fleire treffpunkt mellom sentralledd og lokal-, og fylkeslag, samt til dialog mellom laga, gjennomførte vi gjennom hausten 2020 ei rekkje nettmøte med ulike tema. Interesse og deltakinga på møta var jamt over god og responsen frå deltakarane har vore positiv. I ei tid då det var vanskeleg å skipe til fysiske møtestader, vart jamlege nettmøte eit godt alternativ.

Tema for nettmøta i 2020 har vore "Aktivitet i laget og i ungdomshuset", "Danseaktivitet hausten 2020?", "Teateraktivitet hausten 2020?", "Bli kjent med Dramas", "Korleis skaffe pengar til ungdomshuset", og "Aldri søkt kursstøtte før? - kom i gang". I tillegg har styret invitert til to nettmøte for å svare på spørsmål om ei av landsmøtesakene, og NU har samarbeidd med andre organisasjonar om nettmøte med tema knytt til kulturen



# NETTMØTE 2020

## 8. MAI

Kåseri om historia til bunaden  
Med Mette Vårdal

## 18. JUNI

Kva skal vi danse?  
Med Vegar Vårdal

## 17. AUGUST

Aktivitet i laget og i ungdomshus

## 18. AUGUST

Danseaktivitet hausten 2020?

## 19. AUGUST

Teateraktivitet hausten 2020?

## 26. AUGUST

Styret svarar på spørsmål kring  
landsmøtesak 4 (om forhandlin-  
gar med Frilynt Norge)

## 7. SEPTEMBER

Temamøte for lokallag, spele-  
mannslag og dansarlag  
Knytt til høyringsinnspeltil Kul-  
turdepartementetns strategi  
for folkemusikk og folkedans.  
Samarbeid med FolkOrg.

## 8. SEPTEMBER

Bli kjent med Dramas!  
Samarbeid med Dramas

## 9. SEPTEMBER

Korleis skaffe pengar  
til ungdomshuset  
Med Christoffer Knagenhjelm  
(Huset i Bygda)

## 29. OKTOBER

Aldri søkt kursstøtte før  
- kom igang!  
Samarbeid med studieforbundet  
Kultur og Tradisjon.

## 10. DESEMBER

Hvordan jobber vi for å bygge en  
god kultur i våre organisasjoner?  
Samarbeid med Norsk senter  
for folkedans og folkemusikk  
og FolkOrg.



i folkemusikkmiljøet og drøfting av regjeringa sin strategi for folkemusikk og folkedans.

### UNGT DEMOKRATI

I 2018 og 2019 satsa vi på unge leiartalent i NU gjennom prosjektet Ungt leiarskap. I 2020 vart prosjektet vidareutvikla til Ungt Demokrati med støtte i frå Sparebankstiftelsen DNB og LNU. Målet er å drive demokratiopplæring i tillegg til leiarutvikling, og rekruttere deltakarar frå breidda av organisasjonar som driv med immateriell kulturarv. Deltakarane skulle ha fysiske samlingar gjennom året på arenaer som landsmøtet, sommarleiren og Arendalsuka. På grunn av COVID-19 vart Ungt Demokrati avlyst i 2020.

### OPPLÆRING I SAMARBEID MED ANDRE ORGANISASJONAR

#### BUNADOPPLÆRINGA

I samarbeid med Norsk Folkedraktforum, Norges Husflidslag og Studieforbundet kultur og tradisjon tilbyr Noregs Ungdomslag ei modulbasert kursrekke som gir deltakarane ei brei innføring i praktisk bunadssaum. Kvar modul er fem dagar lang og kursdeltakarane kan velje mellom ordinært løp eller intensiv kursrekke. Bunadopplæringa kan vere ein del av løpet til sveinebrev.

I 2020 vart det gjennomført fem kurssamlingar fordelt på fire kursrekker, med til saman 77 deltakarar. Alle samlingane vart gjennomført på Raulandsakademiet.

#### SCENEROM

Scenerom er ei kursrekke retta mot teaterprodusentar og instruktørar. Kursrekka består av fire helger gjennom eit år med definert kurstema for kvar helg. Hausten 2020 vart samarbeidsorganisasjonane Noregs Ungdomslag, Frilynt Norge, Norsk bund og Studieforbundet kultur og tradisjon, einige om å starte opp igjen samarbeidet om kursrekka i ny organisasjonsform. Arbeidet i 2020 har i hovudsak dreia seg om å finne organisering, økonomi og profil for ny kursrekke. Det vart ikkje gjennomført fysiske kurshelger i 2020.

# 17. MAI

17. mai er ein festdag, men normalt kanskje ikkje berre ein fridag for medlemmane i eit ungdomslag.

Sjølv om ungdomslaga fann kreative løysingar på å feire dagen i 2020 blei det nok litt mindre teaterspel, dansespel, danseleik, korsong, bunadstog, sekkeløp, kiosksal, grautkoking, loffsmøring, brus-kassebering, tombolahjulvakt, festpynting av ungdomshuset m.m. i NU-Noreg dette året.

Vart 2020 forresten året då du lét bunaden henge i skåpet 17. mai eller vart det ekstra viktig for deg å feste sølja og knyte

hoseband? Gjennom samarbeidsprosjektet Bunad på UNESCO-lista si Facebook-side stilte vi dette spørsmålet og fekk til svar at det var ekstra viktig nettopp dette året å ta på seg bunaden.

Vi markerte også at det 8. mai 2020 var 75 år sidan frigjeringa av Noreg med å sende eit bunadskåseri med Mette Vårdal. For i tida etter 2. verdskrigen vart bunaden både eit viktig symbol og festplagg, og og no er vi blitt vande til å sjå eit folkehav av bunader kvar 17. mai. Men slik har det altså ikkje alltid vore. Korleis vart eigentleg bunaden ei folkerørsle og allemannseige? Kåseriet ligg enno tilgjengeleg under videoar på Facebook-sida vår.

Tilskot til opplæringsaktivitet gjennom Studieforbundet i 2020

FYLKE	TILSKOT I 2020	KURS	DELTAKARAR	KURSTIMAR 2019	KURSTIMAR 2020
Østfold				329	
Akershus				73	
Buskerud				477	477
Viken	49 700	29	156		505
Oslo	54 855	26	264	1 216	496
Hedmark				112	
Oppland				383	
Innlandet	25 573	9	94		309
Vestfold				770	
Telemark				463	
Vestfold og Telemark	80 900	30	298		701
Aust-Agder				716	
Vest-Agder				744	
Agder	93 075	34	287		851
Rogaland	86 025	29	252	860	781
Hordaland				944	
Sogn og Fjordane				891	
Vestland	114 380	46	350		1128
Møre og Romsdal	123 494	42	356	2 862	1173
Nordland	33 200	17	156	727	345
Troms				663	
Finnmark				285	
Troms og Finnmark	85 425	31	220		786
Trøndelag	144 655	31	178	3367	1223
<b>SUM</b>	<b>891 282</b>	<b>320</b>	<b>2 703</b>	<b>15 882</b>	<b>8 306</b>

Heng du i strikken og rakk ikkje titten?  
Stakken er trang og sko med feil klang?  
Skjorte med flekk, går ikkje vekk? Vi  
veit om råd, for hol og laus tråd. Her,  
berre sjå! (henta frå Facebook-sida til  
Bunad på UNESCO-lista)

### HAR DU HOL I HOSENE?

Ja  
Nei  
Det er godt og luftig om det blir varmt. Lapp dei saman med gnagsårplaster.  
Ta dei på

### Du er klar for feiring!

### ER STAKKEN FOR TRONG?

Nei  
Ja  
Kan du låne av naboen?  
Ja  
Nei  
Hald inne magen og ta den på, eller sprett opp litt i saumane.  
Ta den på

### Du er klar for feiring!

### HAR DU KORONAFRISYRE?

Ja  
Nei  
Ber den med stolheit. Du har fylgd råda frå FHI

### Du er klar for feiring!



# MØTESTADER

## SOMMARLEIREN

Styret vedtok på møtet sitt i mars å avlyse Sommarleiren 2020 på grunn av koronasituasjonen. Leiren skulle finne stad på Trøndertun folkehøgskule i Melhus første veka i juli, og ville blitt den tjuande i rekka.

Arbeidet med Sommarleir blir drive gjennom heile året. Sommarleirutvalet samarbeider med administrasjonen om å planlegge kurs, tema og aktivitetar for leiren. Sommarleirutvalet har bestått av Nina Byttingsmyr (leiar), Ida Haugen Skulstad, Neri Bakkjen, Ørjan Johannesen Larsen, Emma Alexandra Lirhus Miro (fram til november) og Cathrine Ringsrud (frå november).

Administrasjonen har kunne prioritere å bruke tid på å legge grundige planar og starte arbeidet med Sommarleir 2021 i god tid. I desember 2020 vart også nye

nettsider for Sommarleir lansert, [www.sommarleiren.no](http://www.sommarleiren.no). Dei nye nettsidene har ein gjennomgåande profil og inneheld grundig og god informasjon om leiren.

## NORDLEK 2024

I 2020 har det norske Nordlek-utvalet arbeidd vidare for å finne stemnestad og arrangør til det store nordiske folkedansstemnet, **NORDLEK**, som kjem til Noreg i 2024. Utvalet og kontoret har arbeidd med fleire aktuelle byar, og til slutt var det tre byar i Agder vi intensiverte arbeidet inn mot. Mandal, Arendal og Kristiansand har alle sendt inn søknadar om å vera vertskapsby for stemnet i 2024. I tillegg har NU hatt lokale møte med både Vest-Agder og Aust-Agder UL samt eit ope møte om **NORDLEK** i Agder, der fleire lag, enkeltmedlemmer og andre interesserte deltok.

## BARNLEK 2020

15.-19. juli skulle det vore skipa til **BARNLEK** i Mölnlycke i Sverige. Grunna COVID-19 er dette stemnet utsett til 2023.

## KVEN VEIT?

Kven Veit? er ei landsomfattande kunnskapstevling for alle over 14 år. Det vart i 2020 ikkje skipa til Junior Kven Veit? med ei målgruppa under 14 år. I 2020 vart administrasjon av tevlinga sett ut til kontoret til Huset i Bygda Sogn og Fjordane.

I 2020 var temaet for tevlinga bunad. Det deltok 65 tevlande lag frå 30 medlemslag. Vinnar var Hordalaget i Oslo. Til samanlikning deltok 73 lag frå 30 ulike medlemslag i 2019. Runde 2 og 3 vart utsett til hausten 2020 grunna nedsteninga av Noreg i mars – april knytt til korona-pandemien.

Sommarleiren 2018.

Foto: Thor Hauknes.



## Tema Kven veit: **BUNAD**

Kven veit? er ei tradisjonsrik kunnskapstevling i regi av Noregs Ungdomslag. I 2020 var det den 57. gongen tevlinga vart gjennomført. I strategien for sentrale tilskipingar er det fastsett at Kven Veit? skal vere ei kunnskapstevling som aukar interessa og kunnskapen om aktuelle tema. Kvar år har tevlinga eit tema, i 2020 var det bunad og knytt opp mot prosjektet Bunadbruk til UNESCO. I heftet kunne ein mellom anna lese korte faktatekster om bunadplagg, slik som desse;

**MUFLAR:** Høyrest litt muffens ut, men er halvantar med halv tommel som blir bruka til Setedalsbunaden. Ofte strikka i svart ullgarn for så å verte løyesauma. Det er ingen løye saumteknikk, men brodering med ullgarn. Forresten er mufletisar tommellause variantar, finglingevetti er hanskar, og lovevetti og velevetti er vottar. Så ein skal verkeleg ikkje kjenne på neglesprett eller ermegufs i Setesdal.

**MAMELUKK:** Bergens Blade skreiv i etterkant av ei framsyning med bygdedansarar i 1850 at ein måtte da kunne forlange "en noenlunde proper påkledning når en norsk bonde opptrådte på scenen" Dei etterkvart forskrekka tilskodarane kunne nemleg konstatere at dei vakre nasjonaldraktene ikkje kom med underklede. Hadde dansarane tatt på seg mamelukk (eller anna undikk) hadde det nok skapt mindre skandale.

**LYGAR:** Veit du kva ein lygar i bunadsverda er? Ein lygar blir nytta i staden for skjorte inni jakka/trøya, og er ei bunadskjorte utan ermar. Ho skryt altså rett og slett på seg å vere ei heil bunadsskjorte. Kan òg gå under nemninga halvskjorte, bøling og hæsjskjort(e), men det er meir morosamt å sjå for seg plagget som lyg og skapar ein illusjon om ermar. Kan bli kombinert med ei listig bringelist.



Foto: Anne-Marte Før



# INFORMASJONSARBEID

Noregs Ungdomslag sine informasjonskanalar er medlemsbladet Ungdom, Facebook og nyheitsbrev til tillitsvalte i lokallaga og fylkeslaga. I tillegg er nettsidene ungdomslag.no, ungdomshus.no, sommarleiren.no, folkepedia.no og husetibygda.no i aktiv drift.

Medlemsbladet Ungdom kom i 2020 ut med ei utgåve (normalt fire gonger i året) Elektroniske utgåver blir lagt ut på [issuu.com/noregsungdomslag](http://issuu.com/noregsungdomslag)

Samarbeidet med Norsk Barneblad har halde fram, der barnemedlemmer i NU mellom 6 – 14 år får tilsendt Norsk Barneblad fire gonger i året om dei ønskjer det. I 2020 var ei utgåve med eit innstikk produsert av NU-kontoret, dei siste tre utgåvene var utan dette innstikket.

Det vart i 2020 sendt 32 nyheitsbrev (i 2019: 11 nyheitsbrev) grunna behovet for vekentleg oppdateringar og informasjon knytt til korona-pandemien. På heimesida har det vore eit eige meny punkt og vekentleg vorte oppdatert informasjon som kan vere nyttig for medlemslaga.

Eigne informasjonsplakatar om smittevern vart laga i 2020.



## NOREGS UNGDOMSLAG I SOSIALE MEDIUM:

- Facebook blir brukt til å formidle saker frå nettsidene, i tillegg til at det blir lagt ut bilete frå arrangement og anna relevant informasjon til tilhengarane. Ved utgangen av 2020 hadde Noregs Ungdomslag 2911 følgjarar på Facebook. I tillegg har Sommarleiren, Folkepedia og Huset i bygda og egne Facebook-sider.
- Instagram blir brukt til å dele bilde, gjerne frå aktivitetar eller artig arkivmateriale. På slutten av året hadde Noregs Ungdomslag 1132 følgjarar.
- Noregs Ungdomslag har ein Snapchat-konto med brukarnamnet «ungdomslag» som blir brukt spesielt for å kommunisere med sommarleir-deltakarar.
- Bildealbum frå større arrangement blir lagt på Flickr.com.
- Videoar som vert produserte av Noregs Ungdomslag vert lagt ut i eigen kanal på [vimeo.com](http://vimeo.com)
- NU brukar emneknaggen #levandelokalkultur

## FRÅSEGN VEDTEKE AV STYRET I NOREGS UNGDOMSLAG 25. OKTOBER 2020:

"Tilsette og tillitsvalde i Noregs Ungdomslag skal berre reise med selskap som følgjer innanlandske lønsvilkår og tariffar, og som respekterer retten til fagorganisering. Noregs Ungdomslag oppmodar vidare fylkeslag, lokallag og medlemmer i NU til å unngå å bruke selskap som bryt med dette, no aktualisert ved Wizz Air."



Foto henta frå den tida då NU hadde eigen buss. Bilete er frå førebuingane til landsstnemnet og årsmøte i Mosjøen 1984.





Foto: Anne-Marte Før

## INTERESSEPOLITIKK

Då koronapandemien kom til Noreg i midten av mars, fekk det kraftige konsekvensar for alle ledd av organisasjonen vår. Spesielt prekært var det for lokallag som plutsleg mista utsiktene sine til driftsinntekter på ubestemt tid. I samarbeid med Norsk musikkråd og Kulturalliansen innhenta vi raskt informasjon frå laga våre om tingenes tilstand. Mange lag meldte inn fem og seks-sifra tap, og teikna eit dystert bilde av lagsøkonomien.

Sjølv om styresmaktene var raske til å annonsere ei kompensasjonsordning for frivillige lag og organisasjonar, var kriteria i krisepakken for snevre til at storparten av våre lag ville kunne søkje. NU sentralt jobba derfor knallhardt for å sørge for at inntekter frå loppemarkadar, basarar og utleigeverksemd også skulle gå inn i ei utvida kompensasjonsordning. I perioden fram mot juli var vi i kontinuerlege møte med Frivillighet Norge, Kulturalliansen, og Landsrådet for barne- og ungdomsorganisasjoner. I prosessen med krisepakkan var det ikkje opne høyringsrundar, og strategien blei derfor å knytte oss tett opp til dei som fungerte som felles talerøyr.

Vi var også i dialog med Den Norske Turistforening, Norges Blindeforbund, Vellenes Fellesorganisasjon og andre aktørar med liknande problemstillingar. Då krisepakke 2 vart annonsert i juli, kunne vi puste letta ut over at laga våre no også ville kunne få 70 prosent kompensasjon for breidda av typiske inntektskjelder eit frivillig lag har.

2020 var elles året der dei politiske partia skulle jobbe fram sine partiprogram for stortingsperioden 2021-2024. NU hadde som målsetning å løfte organisasjonen sine interesser til alle partia. Vi sendte skriftleg innspel til Sosialistisk Venstreparti og Senterungdommen, og hadde elles møte med Høgre, Venstre Arbeiderpartiet og KrF.

### FORUTAN KORONAARBEIDET VART DET I 2020 LEVERT HØYRINGSSVAR OM:

- Utdanningsdirektoratet sine forslag til nye læreplanar for vidaregåande opplæring. NU leverte høyringssvar på to av læreplanane: Vg2 søm og tekstilhandverk, og Vg3 bunadtilverkar-faget. I høyringssvara understreka NU at bunadsfag er viktig, og kom elles med innspel til oppbygging av læreplanteksten.
- Kulturdepartementet sin strategi for folkemusikk og folkedans


## ETISKE RETNINGSLINJER

Medio november sto det eit opprop i Aftenposten om seksuell trakassering i folkemusikken og folkedansen, underskrive av sentrale aktørar innanfor feltet.

NU meiner det er svært bra at temaet vart løfta opp i fellesskap, og takkar forfattarane bak dette oppropet for at dei modig minner oss på at ingen varsel ikkje er jamstilt med at alt er i orden. Saman med FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans og Norsk senter for folkemusikk og folkedans skipa NU til eit nettmøte med dette som tema, og kom med ei felles erklæring med tittel ”Det skal vere trygt å drive med

folkemusikk og folkedans!”

Sjølv om oppropet i Aftenposten handla om folkedans og folkemusikk, er det sjølvsagt like aktuelt for dei av våre medlemmer som driv med andre lagsaktivitetar. Noregs Ungdomslag skal vere ein trygg organisasjon for alle, og i 2020 vart det arbeidd med å få på plass nye retningslinjer for handtering av seksuelle overgrep, grenseoverskridande åtferd og trakassering i organisasjonen. Desse vart vedtekte av styret i Noregs Ungdomslag november 2020, og ligg på heimesida til NU: [www.ungdomslag.no/om-oss/styringsdokument/etiske-retningslinjer/](http://www.ungdomslag.no/om-oss/styringsdokument/etiske-retningslinjer/)



### STATLEG STRATEGI FOR FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS

Sommaren 2020 kunngjorde Kulturdepartementet at dei skulle starte arbeidet med å utforme ein statleg strategi for folkemusikk og folkedans. Dette har NU arbeidd mykje med denne hausten.

I august vart strategien hovudtema for det halvårlege samrådsmøtet for folkedans mellom folkedans- og folkemusikkaktørane. Vidare vart det i september skipa til ei rekke digitale innspelsmøte med ulike tema som samla mange aktørar innan folkemusikk- og folkedansmiljøet. NU hadde i samarbeid med FolkOrg og Norsk senter for folkemusikk og folkedans eit særskilt ansvar for temamøtet for lokallag, spelemannslag og dansarlag. Her møtte mange frå både NU og FolkOrg der vi fekk mange gode innspel. Det vart også skipa til eit digitalt innspelsmøte i regi av Kulturdepartementet for munnlege innspel

direkte til departementet. Her deltok NU v/ styreleiar Torbjørn Bergwitz Lauen med eit innspel som tok for seg nokre av dei mest sentrale punkta vi seinare leverte som skriftleg innspel.

I november vart det sendt inn eit felles skriftleg innspel frå representantskapsmøtet til Norsk senter for folkemusikk og folkedans som NU var med på å signere. I tillegg leverte NU eit eige skriftleg innspel som tok utgangspunkt i mange gode innspel vi hadde fått frå lag og medlemmer samt frå diskusjonar i styret og administrasjonen. Nokre av hovudpunkta dreidde seg kring ei større satsing på folkedansen, ei styrking av dei frivillige organisasjonane, opplæring og opplæringsmaterieill, dei viktige møteplassane og samværsdansen, betre tilrettelagte og tilgjengelege lokale, enkle og ubyråkratiske stønadsordningar og ei sterkare synleggjering.

## ODE TIL MOMS-KOMPENSASJON

14. februar, alle hjartes dag, vart markert på Facebook med ein ode til moms-kompensasjon og ei oppmodning om å ta vare på kvarandre, på lokallaget og på ungdomshuset.

*”Som hammarslag, i seine dugnadstimar  
bankar hjarte for deg  
o riddar i driftskostnadsskampen  
du kveiker vår kjærleiks varde  
med meir liv i ungdomsbusa ”*

Med kjærleik frå ditt NU



# STYRINGSSTRUKTUREN

## LANDSMØTET

Landsmøtet blei halde digitalt 26. september. 56 utsendingar deltok på det første digitale landsmøte i historia til NU. I tillegg deltok styret og dei tilsette i administrasjonen. Det var videohelsingar frå Kulturdepartementet, Frivillighet Norge, Studieforbundet kultur og tradisjon, Norsk Målungdom og Sommarleirutvalet.

Desse sakene blei handsama i tillegg til ordinære landsmøtesaker:

- Forhandlingar Frilynt Norge
- Arbeidsprogram 2021-2022

Følgjande fråsegner blei vedtekne av landsmøtet:

- Rammevilkåra for demokratiet
- Hundre år med nordisk folkedanssamarbeid

## LANDSRÅDET

Landsrådet er samansett av leiarane i fylkeslaga og styret i Noregs Ungdomslag, og er ein viktig møteplass i organisasjonen. I 2020 blei landsrådsmøtet halde digitalt 15. november.

Det deltok 16 personar frå 14 fylkeslag, sju frå styret og seks frå administrasjonen.

Saker på saklista var:

Aktuelle saker frå NU, Nytt og aktuelt frå fylkeslaga, Orientering frå styret om framdriftsplan for oppfølging av saka

Forhandlingar Frilynt Norge frå landsmøtet: Kva er NU og samtalar med Frilynt Norge, kontingentutval og spørsmål og innspel frå fylkeslaga.

## HEIDERSMEDLEMER

Gunnar Rødal vart utnemnt til heidersmedlem i 2001. Gunnar var tilsett i 35 år som reiseinstruktør innan folkedans, og har gjennom eit langt liv lagt ned ein stor innsats både for norsk folkemusikk og folkedans og NU.

Egil Bakka vart utnemnt til heidersmedlem i 2019. Bakka har vore medlem i Noregs Ungdomslag i ei årrekke og interessa hans for norsk folkedans hadde sin start i organisasjonen. Han er professor i folkedans, og har forfatta ei mengde fagbøker om folkedans.



Landsmøtet 2020.

Foto: Inger Johane Ruset.

## STYRET

### Styret fram til landsmøtet 2020:

Leiar: Torbjørn Bergwitz Lauen, Bygdslagssamskipnaden  
Politisk nestleiar: Marit Nerås Krogsæter, Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag  
Org. nestleiar: Terje Svindseth, Bygdslagssamskipnaden  
Styremedlemmer: Tone Mjelde, Hordaland Ungdomslag  
Kevin André Theigmann, Nordland Ungdomsfylking  
Anette Figenschou, Nordland Ungdomsfylking  
Nina Byttingsmyr Aust Agder Ungdomslag  
Mona Husby, Inn-Trøndelag Ungdomssamlag  
1. vara Maria Austbø, Bygdslagssamskipnaden  
2. vara Geir Såtvedt, Telemark Ungdomslag  
3. vara

### Styret etter landsmøtet 2020:

Leiar: Torbjørn Bergwitz Lauen, Bygdslagssamskipnaden  
Politisk nestleiar: Tone Mjelde, Hordaland Ungdomslag  
Org. nestleiar: Terje Svindseth, Bygdslagssamskipnaden  
Styremedlemmer: Bjørn Arve Moen, Inn-Trøndelag Ungdomssamlag  
Irene Dahl, Troms Ungdomsfylking  
Maria Austbø, Bygdslagssamskipnaden  
Nina Byttingsmyr Aust Agder Ungdomslag  
Mona Husby, Inn-Trøndelag Ungdomssamlag  
1. vara Jostein Apeland, Rogaland Ungdomslag  
2. vara Marit Kvamen, Hordaland Ungdomslag  
3. vara

Styret har hatt 11 møte og eit styreseminar i 2020. Styret har handsama 149 saker.

